

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 08.05.2018

Til stades: Gunnar Dalseth, Kenneth Vikane, Marta Samland, Thorleif Gjernes, Angunn Handegard Trå, Sigmund Eiken og Kaia Gulbrandsen

Ikkje møtt: Aud Berit Garnes

Referent: Kaia

Sak 2018/28: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2018/29: Godkjenning av referat frå styremøte 03.04.18; godkjent

Sak 2018/30: Økonomi / administrasjon:

- Angunn har overteke rekneskap og fakturering. Styret gjennomgjekk førebels resultat for 2018. Strømmen er dyr i Kulturhuset, me vil innhente råd om alternativ for oppvarming. Me sjekkar ang Enova tiltak, kan E-verket gje råd?
- Økonomisk situasjon – kan vi betre inntektene? Kan det vere eit mål at 17.mai gjev noko inntekt? Sommarlotteri?
- Møter/aktivitet mellom styremøta: Forslag: Gunnar kallar inn undergruppene eller enkelte styremedlem når det er behov for å drøfte /handtere saker mellom styremøta.

Sak 2018/31: Bygningar og eigedom:

- Oppsummering av dugnadsdagar 21. og 28. april. Godt oppmøte og mykje bra arbeid. Noko står att; maling av flaggstong, fjerning av båt i barnehagen. Organisering er viktig – innmelding av arbeid og fordeling av folk. Takk for god innsats!
- Opprydding etter tømmerhogst: Oppsummering av møte med skogeigar; det har vore eit møte med styremedlem og grunneigarar. Plassen skal skrapast, det vil bli ordna med drenering i gangvegen på muren. Herand Rundt legg om nokre løyper etter hogsten.
- Plassen ser ut til å bli brukt til råning – kan vi gjere noko for å stoppe det / avgrense tilgang til plassen? Uvettig køyring vil bli meldt. Me tar ein dialog med naboane om saka og følgjer med om det vert ei utfordring vidare.
- Meieriet – problem med drenering av grunnen. Drøfting av tiltak med Kramsjø og Tuvin; me foreslår å setje eit køyresikkert lokk på septikkumma og kjøpe ei dreneringskum til takrenna på Meieriet.
- Framlegg om å starte kjøp av lyd/prosjektørutstyr; Gunnar snakkar med Marine Harvest om tildelte gåvemidlar og startar innkjøp.

Sak 2018/32: Tilstellingar:

Idestorm for haustmarknad 6. oktober. Me ynskjer å skipe til haustmarknad. Komlemiddag, matmarknad, kanskje ein konsert. Styret tek gjerne imot innspel/idear. Vert sak på møte i juni.

Sak 2018/33: Bygda elles:

Butikken – av ventar generalforsamling. Ove-Henning Bjørsvik kallar inn. Viktig med ein god innkøyring av ny butikk, at folk meldar ynskjer og behov. Drivstoffanlegg er på veg, noko praktisk arbeid/graving står att før det kan kome på plass.

Båthamna – forvirring / misnøye angående gjesteplassar; kommer det færre båtar til gjestehamna når det er «båsar» på gjestebrygga?

Sak 2018/34: Eventuelt:

- Lønn til reinhaldar vert justert.
- Me må spesifisere utleigereglane for kulturhuset for å unngå diskusjonar rundt rom, inventar ol. Ved utleige.
- Vatning/bosstøming for sommaren. Det lagast liste til neste møte.

Neste møte tysdag 12.06.18 kl. 19.30 på Herand kulturhus.